

ÅRSMELDING 2007

VELLEDALEN I.L.



ÅRSMELDING – HOVUDSTYRET

2007

STYRET 2007:

Atle Hole, leiar

Nytta vararepr.: Linn Tove Akselvoll, Marit Hole

Ove Skylstad, nestleiar

Elisabeth Urke Hjørthol, kasserar

Bastian Skogvold, sekretær

Anita L. Hole, styremedlem

MEDLEMSTAL

Velledalen IL står med 244 betalande medlemmar i 2007. Dette er ny rekord. Den gamle var på 215, og skreiv seg frå 1980. Kasserar Elisabeth har her gjort ein kjempejobb.

	0-5	6-12	13-19	20-25	26+	Sum
2001	13	34	25	2	75	149
2002	14	51	24	1	100	190
2003	17	49	26	3	98	193
2004	15	43	29	2	98	187
2005	8	41	31	0	83	163
2006	7	62	29	4	94	196
2007	8	51	41	6	138	244

Atle Hole vart laget sin åttande æresmedlem (sju menn og ei kvinne) under jubileumsfesten. Fire av desse har passert 80 år.

ROMSLEG ØKONOMI

Som det vi gå fram av reknskapen har laget pengar «på bok» Tilskot siste år:

Sykkylven kommune: Kr 4000,- (1000,- meir enn i 2006)

Aktivitetsmidlar frå staten Kr.15 554,-

Gåvemedlar frå Ekornes: Kr 10 000,-

Elles fekk vi rause gåver frå ei rekkje ulike hald i samband med 100 års jubileumet i februar.

Tilsaman 105 000 kroner. Lokale firma som Holmbergs gartneri og Vellda har vore gode støttespelarar gjennom heile året. Medan ei heil rekkje ulike firma yter støtte i samband med Konradløp og Fjellsæterrunden.

VIL 100 ÅR

Som dei fleste sikkert hugsar arrangerte vi jubileumsfesten litt på etterskot (3.februar 2007).

Dette fordi ingen veit stiftingsdatoen, og vi ville vere på den sikre sida. 150 gjestar fekk ein gild kveld med historikk, talar, film, musikkinnslag, humor og flott, velsmakande servering. Og det vart ein kveld med mykje positiv omtale - og rause gåver - for laget.

HJARTESTARTAR

Æresmedlem Fridtjof Drabløs samla inn pengar mellom æresmedlemar og andre (i samband med jubileumet), og sette fram forslag om å nytte pengane til ein hjartestartar, med Velledalen grendahus som tilhaldsstad. Andre lag og organisasjonar ytte sin del, personell har blitt kursa i bruken, og hjartestartaren er komen på plass. Eit flott initiativ, som kjem alle brukarane av grendahuset til gode.

ARRANGEMENT

2007 har vore eit aktivt år med mange større arrangement. Ein del av desse er truleg med i gruppene sine årsmeldingar. Vi nemner:

Den Store Sildedagen: 230 frammøtte - ny rekord

Barnas Fjellsøtterrunde: 120 deltakarar – ny rekord (fellesarr. mellom HIL,SIL og VIL)

Minikonrad: 64 deltakarar, arrangert for fyrste gong i 2007 kvelden før Konradløpet.

Konradløpet: 358 deltakarar (372 påmelde) – ny deltakarrekord

Folkerennet: 80 deltakarar i debutarrangementet.

Fetvatnet Rundt: 195 deltakarar – ny rekord. Stor auke på sykkelsida.

Ramstaddalsløpet: 51 personar brukte 3.58.23 (ny rekord) på rundturen.

Aktivitetsdag: God oppslutning av unge og gamle

Førjulsmesse: Knappt 60 000 i netto inntekt delt på VRF/VIL

Laget arrangerte tre bygdameisterskap i arbeidsåret; i innandørs friidrett, langrenn og terrengløp.

Ullmax

Sal av ullmaxundertøy vart starta i andre halvår 2006. Dette salet har hittil gitt 22 429,- i provisjon – av dette om lag 15 500 i 2007. Ei god inntektskjelde som har stort potensiale. Elisabeth har her gjort ein kjempejobb

Jan Ringseth

VIL manglar hoppgruppe, men vi er så heldige å ha ein svært dyktig veteranhopper i laget. Jan Ringseth vart nummer fire i veteran-VM i hopp i klasse 60-64 år, berre 1,1 poeng frå bronsemedaljen. I sommar deltok han i to internasjonale renn i Sveits, der han sikra seg 1.- og 3.plass etter solid hopping.

Anna

VIL har som vanleg stått for sal av årbøker i Velledalen. Vi har siste året heidra ei rad jubilantar, mellom andre Magnar Fet, Kaspar Fet og Karl B. Lade (alle æresmedlemar som passerte 80 år i 2007) og Nils Terje Skylstad (trimgruppeleiar) som bikka 50.

Til jul vart det julekort med spesialmotiv frå idrettsåret 2007 til alle medlemar, det vart blomar til æresmedlemar/gruppeleiarar med fleire og vi delte ut 6500 kroner til aktive i idrettsåret 2007 som ikkje har levert krav om reisestøtte/ dekning av startkontingent. Desse pengane vart delt ut etter skjønn – anten 1000 eller 500 kroner til aktuelle personar.

Ved to høve har VIL spandert marsipankake i samband med opplegg ved Jokerbutikken.

Lag på Lag

Bastian Skogvold har vore VIL sin representant i Lag på Lag som har hatt ei rekkje arrangement for å skaffe pengar til huset vårt, Velledalen grendahus

Sykkylven idrettsråd

Svein Arne Nakken sit for tida i styret i Sykkylven idrettsråd på fyrste året (nytt årsmøte der i mars).

Stort&Smått

Klubbarket «Stort & Smått» kom ut med kring 10 nummer i 2007. Eit nyttigt organ som klubben får positive tilbakemeldingar på, spesielt frå utflytte velledalingar og frå eldre som ikkje sit framfor ein dataskjerm.

Heimeside

Så eit viktig framsteg mot slutten av 2007. Den nye heimesida www.velledalen.net, der idrettslaget har sin eigen link Den vert viktig i tida framover, spesielt i samband med ulike arrangement.

Årets utøvar

Nils Terje Skylstad og Hilde Riksheim Tandstad delte denne høgthengande tittelen for 2007, i eit år der det var fleire aktuelle kandidatar enn vanleg.

Trim & Trivsel

Laget har i arbeidsåret 2007 etter styret si meining levd opp til mottoet om «trim & trivsel». Det vert lagt ned mykje godt arbeid både i hovudstyret og rundt i gruppene/idrettsskule. Totalt sett er det liten tvil om at 2007 går over i saga som eit av dei beste i historia, kanskje det aller beste, om ein held konkurranseidretten utanfor.

Klubben/gruppene bør ha som målsetting å få fram fleire unge utøvarar som vil prøve seg. VIL har i dag ingen utøvarar under 15 år som er aktive på kretsplan.

Styret takkar alle aktive, tillitsvalde og sponsorar for innsatsen i 2007. Summen av mange, mange små og større gjerningar munnar ut i ein stor og god fellespott, Årsmeldinga for 2007. Styret er meir enn tilfred med aktivitetsnivået. Stor Takk Til Alle !!

For styret
Atle Hole
styreleiar

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.